

Landskap i drift

ope landskap gjennom aktiv drift

Vi du **bli gardbrukar** eller har du nettopp teke over?
Møt ein **fadder** som kan svare på dine spørsmål!
Velkomen til å delta!



Fylkesmannen i Hordaland
Landbruksavdelinga

Landbruk er ei viktig næring – og me ynskjer fleire aktive brukarar.
Når fleire driv – dess meir profitterer alle i miljøet.

Vil du auka din kompetanse og få tilgong til eit triveleg nettverk, kan det å ha ein fadder, vera løysinga.

Fadderprosjektet – er eit delprosjekt av www.landskapidrift.no

Fadderprosjektet er eit tiltak der nye brukarar vert rekruttert, og får påfyll av kunnskap. Gjennom dette prosjektet vil vi få meir trivnad, auka kompetanse, tettare fagmiljø og meir samarbeid (t.d. sanking, hausting, avløyning, innkjøp av driftsmidlar og mykje meir). Prosjektet legg til grunn et tett samarbeid med andre rådgjevingsteneste.

Ramma til heile prosjektet vil vera eit strukturert opplegg, der både fadder og "fadderelevane/ nystartarar" vil få nytte gjennom kompetanse- og nettverksbyggjande tiltak. Økonomisk stønad frå hovudprosjektet Landskap i drift til enkelte fadrane skal honorera innsatsviljen deira frå offisiell side, noko som vil vera eit viktig signal ut til næringa.

Fadderprosjektet er ein unik sjanse for nye brukarar til å koma i kontakt med erfarne bønder som er interessert i å dele kunnskap, kompetanse og erfaring på ein lett og uhøgtideleg måte. Me tilbyr eit uformelt samarbeid under forhold som vil gje gratis rettleiing frå fadder, viktig nettverksbygging som vi håper skal gjera starten endå betre. Fadrane håper vi vil setja pris på å få nye kollegaer i nærleiken, både for trivnaden og framtidig samarbeid.

Eit kompetent nettverk vil kunne hjelpe deg med mykje:

Trong for:	Me hjelper deg!
Ressursvurdering	Fadder
Areal/bygging/maskiner	Fadder
Nettverk/tilgong til faglag	Fadder
Visjon	Fadder
Vurdere driftsplan	Fadder/ Norsk landbruksrådgiving
Formidle tomme bygg	Fadder
Oppløvingar/fjellbeite	Fadder
Husdyrlære/plantelære	Fadder/ Norsk landbruksrådgiving/ Hordaland sau og geit/ Mattilsynet
Formidling av dyr	Fadder/ Nortura
Omsetting	Fadder/ Nortura
Studieturar/ kurs	FMLA, HB, HBS, LR

Med 10 aktørar på di side vil du lukkast:

1. Hordaland Bondelag, 2. Hordaland Bonde og Småbrukarlag, 3. Norsk landbruksrådgiving, 4. Nortura, 5. Hordaland Sau og Geit, 6. Mattilsynet, 7. Skogeigarlaget Vest, 8. Fadder, 9. Landskap i drift, 10. Landbrukskontor

Korleis koma i gong?

Ta kontakt med oss – me vil hjelpe deg med å få kontakt med "fadder" din. Fadder vil tilby 15 timar rådgjeving som han/ ho får dekkja av prosjektet. Det kan også bli lagt til rette studietur, bondekafé og enkelte kurs som kan verte nyttig for den vidare drift.



Meld din interesse innan 31. aug!

Ta kontakt – dine mogleikar oppstår berre når du ser dei!

Prosjektleder Bastian Hoffmann

Telefon: 55 57 21 47 Mobil: 41 034 096 E-post:

bastian.hoffmann@fmho.no

Meir info om prosjektet finn du her www.landskapidrift.no

→ "Fadderprosjekt"

Om du gjer slik du alltid har gjort, kjem du dit du alltid har vore...

Difor: Tenk nytt og fortel oss om det!

Idéverkstad på landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen